



ELEVRÅDET: Elevrådet ved Krokane skule har drege i gong det som er blitt det største samarbeidet mellom elevlar i floraskulen. F.v.: Asbjørn Dregelid (12), Emilie Hatlenes Endal (12), Ola Bergkvam Østrem (9), Birgitte Sandvik (11), Odne Rindheim (10), Elias Aardal (12), Mari Sunnarvik Eikås (10) og Henriette Vik (9). Foto: David E. Antonsen

MGP-forventningane i taket

FLORØ: MGP-delfinalen i Florø handlar ikkje så mykje om kjendisar, glamour og musikk som det handlar om engasjementet og positiviteten det skapar lokalt.

DAVID E. ANTONSEN
david@firdaposten.no

Beviset på denne påstanden finn vi på barneskulane i Flora. For sjølv om det er ein måned att til delfinalen, er barneskuleelevane i heile kommunen allereie i full sving med å førebu seg til den store dagen. Dei er nemleg blitt medarrangørar til delfinalen.

Elev-initiativ

– Det er ganske spanande, men det har vore mykje arbeid. Klas-

Breitt barnekunstsamarbeid i floraskulane

FAKTA

- Elevlar frå alle barneskulane i Flora kommune bidreg med i alt 250 kunstverk som skal auksjonert bort under MGP-delfinalen i Florø 26. januar.
- Dei fem første kunstverka – eitt frå kvar skule – blir auksjonert vekk på MGPs sin opningsseremoni på Rådhusplassen torsdag 24. januar. Og det av Jenny Skavlan og Erik Solbakken.

seråda har komme med mange gode idear til kva vi kan finne på under MGP.

Det seier Emilie Hatlenes Endal (12) ved Krokane skule, medan ho og fleire av dei andre elevane arbeider med sine inn-

slag til MGP. Ho og resten av elevrådet ved skulen har drege i gang det som trygt må kunne kallast det største felles elevprosjektet mellom barneskulane i fylket.

I oktober oppsøkte skulen MGP-general Per Øyvind Helle. Dei ønskte å bidra med innslag. Resultatet er ein stor barnekunst-auksjon like før delfinalen i Idrettsenteret rullar i gang for tredje og siste gong.

Legg æra si i kunsten

I alt 250 barnekunstverk vil bli auksjonert bort. Talet heng saman med at fylket fyller 250 år neste år.

Det er elevane sjølve som har vedteke kva innslag dei skulle gå for. Idear har det vore mange av,

men dei landa altså på kunst.

Og det har ikkje vore mange avgrensingar frå arrangørane si side på kva elevane har kunne lage av kreative kunstverk. Dei har laga teikningar, måleri, garnkunst og stiller også med fotografi dei har teke sjølv.

Og dette har dei lagt æra si ned i, understrekar Ola Bergkvam Østrem og ser bort på Per Øyvind Helle som sit like ved.

– Eg må åtvare deg. Du får ikkje ta all æra for at MGP blir så bra, strålar guten.

Gjer bort inntektene

Barnekunstverka frå heile kommunen skal hengjast opp i handballsalen inne på idrettsenteret. Alle som skal inn på delfinalen i

storhallen, må gjennom handballsalen.

Dei 250 kunstverka blir auksjonert bort til eit godt, lokalt foremål. Inntektene frå byskulane skal gå til Sørstrand folkepark, medan Eikefjord skule sine inntekter naturleg nok går til eit lokalt prosjekt i Eikefjord.

Prisane på barnekunsten er maks 150 kroner.

– Eg oppfordrar folk kjøper kunsten til høgst mogleg pris, for vi har lagt mykje arbeid ned i dette, seier Emilie Hatlenes.

I tillegg skal elevane pynte opp heile gangvegen frå Kinnvegen og inn mot Idrettsenteret, slik at det blir ei flott oppleving for dei som kjem.

Håpar på Skrillex og Deadmau3 i MGP-delfinalen

Kva artistar som kjem til å stå på scenen under MGP-delfinalen i Florø får vi ikkje vite før onsdagen før sending.

Spekulasjonane om kven som skal delta i MGP neste år er difor mange. VG spekulerer i om

Hans-Erik Dyvik Husby, mest kjend som Hank von Helvete kjem til å bli med i MGP, saman med Datarock og Sirkus Eliassen.

– Om det er noko i det VG skriv, tyder det på det beste MGP-showet noko sinne, smiler Per Øyvind Helle.

Korkje han eller nokon annan får vite kven som står på scenen i Florø før onsdagen før TV-sendinga. Men eitt håp har han:

– Eg håper vi følger oppskrifta frå delfinalane tidlegare, med at vi får eit par veldig kjende artistar, nokon mindre kjende,

og nokon ukjende, seier han.

Men elevane på Krokane skule har veldig klare tankar om kven dei ønskjer å sjå på scenen i Florø.

– Skrillex eller Deadmau3 hadde vore veldig bra, det er skikkeleg musikk, strålar Ola Bergkvam Østrem (9).

Andre av elevane i elevrådet har ikkje heilt sansen for hardcore technoinnslag, i alle fall ikkje i det noverande Melodi Grand Prix-konseptet.

– Nei, eg vil heller ha Nicky Minogue til Florø, smiler Mari Sunnarvik Eikås (10).